

**Månad:** september 2020

**AKTIVITET**

Medisinsk klinikk	Denne perioden					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Plan	Avvik	I fjor	Avvik
DRG-poeng dag/døgn, A	831	912	-81	794	37	7 542	8 233	-691	8 051	-509
DRG-poeng poliklinikk, A	268	239	29	229	39	1 945	2 052	-107	2 058	-113
DRG-poeng H-resept, A	90	100	-10	103	-13	1 546	1 518	28	1 406	140
DRG-poeng andre regionar, B	14	14	-1	13	1	153	119	34	125	28
SUM DRG-poeng produsert (A+B)	1 203	1 265	-62	1 139	64	11 187	11 923	-736	11 640	-453
DRG-poeng behandla ved Feiring, C	2	3	-1	4	-2	17	26	-9	31	-14
SUM DRG-grunnlag ISF-inntekt (A+C)	1 192	1 254	-63	1 130	62	11 051	11 829	-778	11 546	-495
Tal dagbehandling	808	777	31	694	114	7 232	7 003	229	7 213	19
Tal heildøgnsopphald	808	847	-39	755	53	7 039	7 659	-620	7 360	-321
Tal ISF - polikliniske konsultasjonar	4 989	4 521	468	4 516	473	36 715	39 514	-2 799	39 149	-2 434
Tal interne polikliniske konsultasjonar	849	811	38	811	38	7 329	7 106	223	7 106	223

**DRG-poeng**

September hadde noko færre DRG-poeng innanfor dag/døgn enn planlagt. Alle sengepostar, med unntak av medisinsk sengepost FSS og Lærdal, hadde noko færre utskrivningar. Gjennomgang av all pasientkoding andre tertial resulterte i ein samla auke på 126 DRG-poeng i perioden mai-august.

**Dagbehandling**

Tal dagbehandling har vore relativt lite påverka av korona, men september hadde vekst fordi nokre fleire pasientar som fekk dagbehandling innanfor barn, infusjonspoliklinikk LSH/NSH og nevrologi.

**Heildøgn**

I september vart det behandla 39 færre inneliggande pasientar enn planlagt. Alle sengepostar med unntak av medisinske sengepost FSS og LSH hadde noko færre innlagte.

**Poliklinikk**

Poliklinikkaktiviteten i klinikken har sidan juni månad vore høgare enn planlagt. I september var aktiviteten på 110 prosent i høve plan. Etter at det er opna opp att for høgare sjukehusaktivitet, har vi prioritert å auke den polikliniske aktiviteten med dei ressursane som er tilgjengelege.

## ØKONOMI

Medisinsk klinikk	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Basisramme	1 826	1 826	0	15 741	15 741	0
ISF egne pasientar	28 102	26 436	1 666	218 013	236 155	-18 142
ISF H-resept	2 070	2 293	-223	35 413	34 774	639
Gjestepasientinntekter	540	522	18	5 667	4 373	1 294
Polikliniske inntekter	3 995	3 103	892	26 606	26 589	17
Utskrivingsklare pasientar	0	96	-96	71	866	-796
Andre øymerka tilskot	188	162	26	1 056	1 458	-402
Andre driftsinntekter	4 030	4 075	-46	27 529	30 824	-3 295
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>40 750</b>	<b>38 513</b>	<b>2 237</b>	<b>330 095</b>	<b>350 780</b>	<b>-20 685</b>
Kjøp av offentlege helsetenester	-239	-202	-37	-2 067	-1 710	-357
Kjøp av private helsetenester	-10	-5	-5	-36	-45	8
Varekostnader	-21 828	-17 573	-4 255	-177 959	-154 218	-23 740
Innleige av personell	-3 105	-366	-2 739	-11 294	-5 794	-5 501
Lønn til fast tilsette	-43 014	-43 131	117	-345 546	-346 544	997
Overtid og ekstrahjelp	-7 198	-3 652	-3 546	-48 766	-28 074	-20 692
Pensjon inkludert arbeidsgjeveravgift	-6 682	-6 682	0	-59 505	-59 505	0
Offentlege tilskot og refusjonar - arbeidskraft	2 060	1 968	92	18 095	17 712	383
Anna løn	-6 817	-6 936	119	-48 824	-53 189	4 365
Andre driftskostnader	-4 416	-4 006	-409	-34 661	-36 150	1 489
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>-91 250</b>	<b>-80 585</b>	<b>-10 665</b>	<b>-710 564</b>	<b>-667 516</b>	<b>-43 048</b>
<b>Ordinært resultat</b>	<b>-50 500</b>	<b>-42 072</b>	<b>-8 428</b>	<b>-380 469</b>	<b>-316 736</b>	<b>-63 733</b>


Meirforbruk i september månad var på 8,4 millionar kroner i høve budsjett. Hittil i år har klinikken eit samla avvik på 63,7 millionar kroner. Om lag 50 millionar er relatert til lågare aktivitet og auka kostnader som ein konsekvens av koronapandemien. Resterande er meirkostnad på kreftmedikament, H-reseptmedikament og medisinsk heimebehandling (insulin).

I september er samla inntekt 2,2 millionar kroner betre enn budsjettet. Gjennomgang av pasientkoding andre tertial er hovudgrunn til meirinntekta.

Avvik på varekost er i hovudsak knytt opp til korona, kreft og medisinsk heimebehandling. Avvik innanfor lønn er relatert til koronapandemien. Kostnadane er i hovudsak knytt opp til medisinsk avdeling og drift av akuttmottak 2, mikrobiologisk avdeling og medisinsk kontorteneste.


## PERSONELL

### Medarbeidarar



Auken av månadsverk sidan april er knytt opp til koronasituasjonen. I tillegg vart serviceseksjon Eid overført frå stab og støtte til medisinsk klinikk i september. Dette omfattar 14 tilsette og 9,6 brutto månadsverk.


### Sjukefråvær



Sjukefråværet i august måned var 0,6 prosentpoeng lågare enn same periode i fjor. Dei siste månadane har fråværet stabilisert seg på eit relativt lågt nivå.

## KVALITET

### Epikrise



Rapport syner augusttall, september sine tall var ikkje klare på rapporteringstidspunkt.


### Korridorpatientar

Medisinsk klinikk	Denne periode			Til no i år		
	i år	i fjor	avvik	i år	i fjor	avvik
Barn sengepost Førde	0	0	0	3	0	3
Kreft sengepost	1	0	1	14	0	14
Medisinsk sengepost Førde	19	2	17	129	95	34
Medisinsk sengepost Lærdal	5	0	5	14	6	8
Medisinsk sengepost Nordfjord	1	0	1	1	2	-1
Nevro/revma/rehab Førde	1	0	1	20	16	4
<b>Sum</b>	<b>27</b>	<b>2</b>	<b>25</b>	<b>181</b>	<b>119</b>	<b>62</b>

Det vart i september månad registrert 27 korridorpatientar i klinikken, noko som er om lag det same som førre månad. Hovudårsaka til auken i år i høve fjoråret er drifta av akuttmottak 2 som gir konsekvensar for både medisinsk sengepost og kreftsengepost. I tillegg var det høgt belegg ved medisinsk sengepost Lærdal denne månaden.

## VENTELISTE - FRISTBROT


### Ventetid for ventande ved periodens slutt



Periode	Ventetid
2019-sep	46
2019-okt	44
2019-nov	42
2019-des	48
2020-jan	50
2020-feb	48
2020-mar	59
2020-apr	69
2020-mai	61
2020-jun	56
2020-jul	60
2020-aug	63
2020-sep	54

Tal ventande nytilviste er 118 fleire enn på same tid i fjor. Samla ventetid for klinikken er på 54 dagar, ein reduksjon med ni dagar i høve førre månad.

### Ventetid for ventande der behandling er starta i perioden



Periode	Ventetid
2019-sep	65
2019-okt	58
2019-nov	57
2019-des	56
2020-jan	59
2020-feb	54
2020-mar	52
2020-apr	52
2020-mai	68
2020-jun	64
2020-jul	57
2020-aug	65
2020-sep	64

Ventetida for ventande der behandling er starta i perioden, var på 64 dagar i september.

### Venteliste – langtidsventande

Ventetid i kalenderdagar	Pasientar	I prosent
1 - 10	291	15 %
11-30	636	32 %
31 - 90	784	39 %
91 - 180	347	17 %
181 - 365	69	3 %
365 +	0	0 %
Sum	2127	

Ingen pasientar har venta meir enn eitt år.

### Ventelister – Fristbrot

Eining med fristbrot i perioden	For ventande ved periodeslutt	
	Pasientar	I prosent
Indremedisinsk avdeling	52	6 %
Samhandling og Tverrprofesjonelle tenester	0	0 %
Kreftavdeling	0	0 %
Avdeling for nevro/revma/rehab	45	8 %
Barneavdeling	2	2 %
Hudavdeling	14	3 %
Sum	113	5 %

Grunna redusert aktivitet i mars, april og mai er det ved utgangen av september registrert 113 fristbrot. Dette utgjer 5 prosent av tal ventande nytilvisingar. Førre månad var det 120 fristbrot ved utgangen av månaden.